



PLAN FOR INFORMASJONS- OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

NY SAMFUNNSPLAN

Innhold

1. Innleiing	1
2. Ramme og førsetnader	1
3. Plan for informasjon	3
3.1 Målgruppe	3
3.2 Kanalval	3
3.3 Arena for medverknad	4

1. Innleiing

Samfunnsplanen skal fungere som eit styrande dokument og vil vere gjeldande i 12 år. Det er difor avgjerande at innhaldet speglar det som er viktige satsingar for innbyggjarane. Arbeidet med ny samfunnsplan krev brei medverknad. Vi har valt å utarbeide ein eigen plan for korleis vi legg opp til god involvering, - ein informasjons- og kommunikasjonsstrategi.

Informasjons- og kommunikasjonsstrategi skal opp til godkjenning hos styringsgruppa (formannskapet) 8. april 2021., jfr prosjektplan.

Prosjektleiargruppa ynskjer å nytte kommunikasjon aktivt som eit verktøy for å nå breitt og flest mogleg.

Det er ei målsetjing å skape gode møteplassar for dialog. Her er det viktig å tenke gjennom kva tema som passar å ta opp på dei ulike arenaene.

2. Ramme og førsetnader

Planstrategien 2020 – 2023 vedtatt av kommunestyret seier fylgjande om medverknad knytt til ny samfunnsplan:

- Medverkarråda (eldreråd, ungdomsråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne) skal involverast aktivt.
- Det skal leggjast opp til medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar og aktuelle offentlege aktørar både digitalt og gjennom dialogmøte.
- Det vert lagt opp til temabaserte innspelsrundar både digitalt og fysisk. Aktuelle tema vil kunne vere klima og miljø, næringsutvikling, folkehelse og demografiutfordringar.
- Informasjonsstrategi: Det vil jamleg verte lagt ut informasjon om arbeidet med samfunnsplanen på kommunen sin heimeside, med moglegheit for å komme med innspel.

Prosjektplanen for ny samfunnsplan vart vedtatt i formannskapet 27. januar med fylgjande oversikt knytt til interessentar og kommunikasjonsstrategi:

Interessent	Mål	Kommunikasjonsform	Ansvarleg
Innbyggjarane	Sikre brei medverknad	Heimesida, postmottak, facebook, bedrekommune.no, ansikt til ansikt,	Prosjektgruppa (delegert til ekspedisjonen)
Eldre			
Ungdomsrådet			Prosjektleiargruppa
Frivillige lag			
Verksemder i kommunen			
Samarbeidsparter	Sikre brei medverknad	Undersøkingar, møter, skriftleg dialog	Prosjektleiargruppe, evt. deltakar i prosjektgruppa
Nabokommunar			
Statsforvalter			
Fylkeskommune			
Andre aktuelle offentlege aktørar			

18. mars 2021 var det arrangert eit kick-off for samfunnsplanen, der heile prosjektgruppa samt to representantar frå styringsgruppa og 2 hovudtillitsvalte deltok. Prosjektleiargruppa stod for arrangementet, og føremålet var å engasjere, skape gode ambassadørar og sette prosjektgruppa i gong. Det vart jobba med ulike oppgåver i løpet av dagen, og ei av oppgåvene var å skissere interessentar samt informasjons- og kommunikasjonsstrategi.

Det kom innspel om fylgjande

- Informasjon: Oppdatert informasjon på heimesida, dele informasjonen på kommunen si facebookside, aktiv bruk av infoposten (tematisere utgjevingane).
- Intern informasjon: Intranett (kjem no på våren) og personalmøter (husmøter for dei som jobbar i kommunehuset) .
- Innspel via elektronisk skjemaøysing, e-dialog eller postmottak.
- Nullpunktsmåling: Bruke verktøy som bedrekommune.no, og Teams.
- Invitere aviser/journalistar til å lage sak om prosessen, og delta i dialogmøte.
- Politikarane: Tema/orientering om status i kommunestyret. Politikardag (avgjerande at politikarane har fått førebu seg i sine grupper før møtet).
- Tett dialog med næringsaktørane i kommunen, og i dei tilhøyrande samarbeid. GMU er ein sentral aktør opp mot denne gruppa.
- Samhandling med andre kommunar og offentlege aktørar
- Bygdemøter.
- Pop-up stand på butikkane: Representantar frå prosjektgruppa og styringsgruppa er ute og har dialog med innbyggjarane, og oppfordrar til innspel.
- Andre interessentar som må inviterast
 - Ungdomsrådet
 - Skulane: Oppfordre skulane til å aktualisere temaet «arbeid med ny samfunnsplan» blant ungdomsskuleelevane.
 - Pensjonistlag: Frivilligsentralen gjer merksam på arbeidet med samfunnsplanen og oppfordrar til innspel.

- Frivillige lag og organisasjonar: Frivilligsentralen gjer merkam på arbeidet med samfunnsplanen og oppfordrar til innspel.

3. Plan for informasjon

Det er viktig at status for kvar ein er i prosessen med ny samfunnsplan er oppdatert og tilgjengeleg for innbyggjarane. Dette inkluderer vedtak som er fatta undervegs i prosessen. Innbyggjarane skal til ei kvar tid kunne orientere seg om kva og korleis dei kan komme med innspel.

Det er elles sentralt å merke seg at samfunnsplanen er eit plandokument som pliktar å fylgje ei **offentleg høyringsrunde**. Dette medfører at plandokumentet i heilskap må ut til fyrstegongshøyring med 6 vekers frist. Alle kan komme med merknadar til innhaldet i denne perioden. Det er av stor interesse at flest mogleg har fått uttale seg i forkant av fyrstegongshøyringa slik at arbeidet med endeleg versjon i etterkant ikkje blir like omfattande.

3.1 Målgruppe

Intern målgruppe	Alle leiarar i Gulen kommune Alle tilsette i Gulen kommune
Ekstern målgruppe	Politikarane Næringsverksemdene, og samarbeidspartar innan næringsutvikling (næringsråd m.v.) Medverkarråda (eldreråd, ungdomsråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne) Innbyggjarane Interesseorganisasjonar (HTV,) Nabokommunar og offentlege aktørar Skuleelevane Frivillige lag og organisasjonar

3.2 Kanalval

Intern kanal	Digitalt: Intranett (kjem ila våren 2021). Fysisk: leiarmøter og personalmøter
Ekstern kanal	Digitalt: Heimesida. Facebooksida. Avis (NH, Strilen, Porten). Papir / på trykk: Infoposten. Avis (NH, Strilen). Fysisk: Folkemøte, pop-up stand

Praktisk gjennomføring interne kanalar

- Prosjektleiargruppa (og gjerne prosjektgruppa) skal bruke intranett som verktøy (når dette vert sett i drift) til å informere om status i arbeidet med samfunnsplanen samt oppfordre til innspel når dette er aktuelt.

- Samfunnsplanlegginga blir lagt inn som tema på leiarmøter. Prosjektleiargruppa melder opp sak til personalmøter og informerer om status knytt til arbeidet med samfunnsplanen, og moglegheiter for innspel.

Praktisk gjennomføring eksterne kanaler

- Ekspedisjonen får «bestillingar» frå prosjektleiargruppa om informasjon som skal leggjast ut på heimesida samt delast på facebook.
- Prosjektleiargruppa har dialog med Kenneth Kidøy vedk. informasjon som skal med i dei ulike utgåvene av infoposten.
 - Infoposten 02/21: 29.04.21
 - Infoposten 03/21: 03.06.21
 - Infoposten 04/21: 19.08.21
 - Infoposten 05/21: 23.09.21
 - Infoposten 06/21: 25.11.21
- Prosjektleiargruppa inviterer lokalavisene til å lage sak om arbeidet med samfunnsplanen.
- Prosjektgruppa arrangerer møter med interessentgrupperingane, folkemøte (bygdevis) og pop-up stand i bygdene.
- Prosjektgruppa lagar til spørjeundersøkingar, intervjuurunder med interessentgrupperingar
- Prosjektgruppa inviterer andre kommuner til dialog

3.3 Arena for medverknad

Arena		Tema
Kommunestyremøte	I perioden mai, juni, sept., oktober og des 2021 – mars 2022	Informasjon om arbeidet med samfunnsplanen + ei utfordring som skal drøftast i kommunestyremøte i juni. Eigartilhøve for berekraftsmåla. Målsetnadar, strategi og visjonar – Organiseringa i kommunen
Politikardag	Primært oktober 2021	Kort arbeidsmøte med oppsummering frå politikarane og viktige tema for nye målsetnadar
Dialogmøter med interessentar etter innkallingar i perioden frå mai til desember 2021.	I perioden mai, juni, september, oktober og desember 2021	Fordelt på desse emna; samfunns -og næringsutvikling, folkehelse, Leve Heile livet, digitalisering og innovasjon
Folkemøte / idemyldring, oktober 2021 fordelt på bygdene	Primært oktober-desember 2021, fordelt mellom bygdene	Visjonen, mål og delmål til Gulen kommune 2022 – 2034
Folkemøte	Primært i perioden oktober desember	Miljø og Klima
Møte med andre kommunar	Primært september 2021	Korleis samhandle betre
Digital informasjon og innspel	Primært i perioden mai, juni, september, oktober	Temabaserte frå barn og unge , vaksne og eldre, næring, samfunnstryggleik (herunder klima og miljø), organisering av kommunen.